

Friskolane og Friskoleorganisasjonane  
Den norske Revisorforening  
Kommunenes sentralforbund (KS)  
Fylkesmennene  
Statistisk Sentralbyrå (SSB)  
Finansdepartementet, Justisdepartementet  
Kommunal- og regionaldepartementet og  
Moderniseringsdepartementet

Dykkar ref

Vår ref  
200405932-/CB

Dato  
22.12.04

## **HØYRING – FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM ØKONOMI FOR FRISKOLAR SOM FÅR STATSTILSKOT ETTER LOV OM FRITTSTÅANDE SKOLAR (ØKONOMIFORSKRIFT TIL FRISKOLELOVA)**

### **1. INNLEIING**

Stortinget vedtok våren 2003 ny lov om frittstående skolar, lov 04.07.2003 nr. 84 (friskolelova). Friskolelova erstatta privatskolelova, lov 14.06.1985 nr. 73, frå 01.10.2003. Forskrifter gitt med heimel i privatskolelova fall bort frå same dato, men to av forskriftene er førte vidare med heimel i friskolelova. Dette er forskrift til friskolelova av 26.09.2003 nr. 1194 og forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for friskolar som får statstilskot etter lov om frittstående skolar (friskolelova) av 25.09.2003 nr. 1182. Desse forskriftene finst på følgjande nettsadresse: <http://www.lovdatab.no/for/sf/sf-20030704-084.html>

Forslag til ny forskrift til friskolelova blei sendt på høyring 10. november 2003. I høyringsbrevet blei det bl.a. uttalt at

*Forskrifta om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon (rekneskapsforskrifta) er ført vidare med heimel i friskolelova i forskrifta til friskolelova 25.09.2003 nr. 1182, men er ikkje teken med i dette samleforslaget. Det vil bli fremja eit eige endringsforslag om denne forskrifta seinare.*

Ny forskrift til friskolelova på grunnlag av høyringa er enno ikkje vedteken, men vil bli vedteken så snart som mogleg. Dette har likevel ingenting å seie for forslaget til

økonomiforskrift til friskolelova. Departementet foreslår heller ikkje at ny økonomiforskrift til friskolelova skal innarbeidast i forskrift til friskolelova, men at føresegnene om budsjett, rekneskap mv. blir regulert i ei eiga forskrift.

I punkt 4 nedanfor følgjer forslag til ny økonomiforskrift til friskolelova. Departementet foreslår at denne skal erstatte forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for friskolar som får statstilskot etter lov om frittstående skolar (friskolelova) av 25.09.2003 nr. 1182.

Friskolelova § 7–1 om budsjett og rekneskap gir departementet heimel til å gi slik forskrift. I denne føresegna heiter det at *Skolane må leggje fram budsjett, rekneskap og revisjon etter forskrifter fastsette av departementet.*

Forslaget er basert på eit tidlegare utkast til ny forskrift som blei sendt på høyring 21. desember 2000, sjå nærare om dette forslaget nedanfor under punkt 2.5.

Departementet ber om merknader til forslaget til ny økonomiforskrift til friskolelova **innan 23. mars 2005.**

I B.innst.S.nr.12 (2004-2005), Kap. 228 om tilskot til frittstående skolar mv heiter det m.a. at *Flertallet viser til budsjettavtalen om å innføre et kapitaltilskudd til friskoler på 25,5 mill. kroner som skal innføres fra skoleåret 2005-2006 over kap. 228 ny post 72. Flertallet mener dette vil sikre et bedre økonomisk grunnlag for foreldres/elevs valgmuligheter. Flertallet foreslår at det etableres en egen post under kap. 228 Tilskudd til frittstående skoler. Flertallet ber departementet komme tilbake til Stortinget i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett for 2005 med en utforming og en modell av hvordan tilskuddet skal fordeles.*

Departementet ber om synspunkt på korleis eit slikt tilskot bør regulast, for eksempel når det gjeld investeringsfond.

For elevar i frittstående vidaregåande skoler med parallelar i den offentlege skolen gjeld det ei avgrensa moglegheit for omval, jf. friskolelova § 3–3 siste ledd. Departementet ber om synspunkt på om det skal vere/ikkje skal vere mogleg for ein elev ved ein frittstående vidaregåande skole utan parallelar i den offentlege skolen å ta det same kurset om att ved den same skolen.

Høyringsbrevet er om kort tid tilgjengeleg på internettsida til departementet. Adressa er: <http://odin.dep.no/ufd/>

## **2. NÆRARE OM BAKGRUNNEN FOR FORSLAGET**

Bakgrunnen for at det er nødvendig å endre forskrifta:

### **2.1. Tidlegare og nojeldande forskrift på området**

Forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for private skular som får statstilskot etter privatskulelova (privatskulelova) av 21.06.1996 nr. 689, blei oppheva med verknad frå 01.10.03. Denne forskrifta er med unntak av nokre tekniske endringar ført vidare i forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for friskolar som får statstilskot etter lov om frittstående skolar (friskolelova) av 25.09.2003 nr. 1182.

## **2.2. NOU 1997: 16 om Tilskuddssystemet for private skoler**

NOU 1997:16 om Tilskuddssystemet for private skoler (Høybråten-utvalet) blei gitt til dåverande Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 28.04.97. I utgreiinga blei det bl.a. foreslått at

*Et samlet utvalg slår fast at driftstilskuddet kun kan nyttas til dekning av driftsutgifter, og at det ikke kan brukas til kapitaloppbygging. Det er også enighet om at blant de driftsutgiftene som kan dekkes av driftstilskuddet, er husleieutgifter selv om husleieutgifter ikke inngår i tilskuddsgrunnlaget for privatskolene. Alle medlemmene er enige om at ved reelle leieforhold, det vil si leieforhold mellom to atskilte juridiske enheter som ikke er nærstående parter, skal leiekostnader kunne anses som ordinære driftsutgifter. Dette vil være tilfellet dersom en skole leier lokaler i et åpent leiemarked. Utvalget står også samlet om at dekning av kostnader til lokaler som eies av skolen selv eller én eller flere nærstående parter, må aksepteres etter nærmere regler. Alle medlemmene slutter seg til at en i slike tilfeller kan dekke ordinære driftsutgifter knyttet til lokalene, renter på fremmedkapital og vedlikehold for å opprettholde markedsverdien av lokalene. Et flertall på sju medlemmer, lederen, Flateby, Heder, Nafstad Lyftingsmo, Nicolaisen, Norr og Ohldieck, mener dessuten at avskrivninger bør kunne tas med. Dette flertallet foreslår at de private skolene kan avsette i et investeringsfond for skolen et beløp som tilsvarer skolepengene, men ikke mer enn 15 pst. av skolens tilskuddsgrunnlag. Bestemmelsen i § 27, tredje ledd setter grense for størrelsen på skolepengene. Et mindretall på tre, Buttedahl, Fredriksen og Holm, kan ikke slutte seg til at driftstilskuddsmidler og egenandel kan nyttas til avskrivning, og heller ikke til at det kan avsettes penger i et investeringsfond.*

*Utvalget trekker [...] vidare den konklusjon at et beløp på inntil 10 pst. av driftstilskuddet kan føres over fra et driftsår til det neste til dekning av driftsutgifter. Dette vil sikre skolen en viss økonomisk handlefrihet. Til sammenligning kan nevnes at statlige virksomheter har anledning til å overføre inntil fem pst. av driftsmidler fra ett år til det neste.*

*[...] Utvalget slår fast at budsjett- og regnskapsforskrift for private skoler, fastsatt 21. juni 1996, langt på vei ivaretar de hensyn utvalget ble bedt om å se på [når det gjelder rapporteringsordninger]. Utvalget forslår [...] en del regler for anvendelse av tilskudd og egenandeler, og påpeker at i samsvar med flertallets syn [...] må det i budsjett- og regnskapsforskriften foretas presiseringer når det gjelder regnskapsføring som har med interne transaksjoner mellom nærstående parter å gjøre. Det foreslås også reaksjonsbestemmelser ved feil anvendelse av tilskudd og egenandeler og ved feil innrapportering av elevtall m.v.*

Utgreiinga finst på følgjande nettadresse:

<http://www.dep.no/ufd/norsk/publ/utredninger/NOU/014005-020006/index-dok000-b-n-a.html>

## **2.3. Ny rekneskapslov**

Ny lov av 17.07.1998 nr. 56 om årsrekneskap m.v. (rekneskapslova) blei sett i kraft 01.01.1999. Lova finst på følgjande nettadresse:

<http://www.lovdata.no/all/nl-19980717-056.html>

#### **2.4. Innst. S. nr. 3 (1998–99)**

I Innst. S. nr. 3 (1998–99) om visse endringar i tilskotsordninga for skolar som får statstilskot etter lov om tilskot til private grunnskolar og private skolar som gir vidaregåande opplæring, uttalar fleirtalet i Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen bl.a. at *Fleirtalet er samd med Regjeringa i at det nå bør opnast for at det vert mogeleg å etablere investeringsfond og mogeleg å overføre inntil 10 % av driftstilskotet frå eitt rekneskapsår til det andre. Begge tiltaka vil vere med på å styrke skulane si evne til å stå imot svingingar i utgiftene.*

#### **2.5. Tidlegare høyring om ny forskrift**

Som følge av NOU 1997:16 og ny rekneskapsforskrift sende departementet 21.12.00 forslag til ny forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for private skolar som får statstilskot etter privatskolelova på høyring. Departementet mottok om lag 10 høyringsfråsegner på forslaget. Forslag om ny friskolelov til avløyning av privatskolelova blei send på høyring våren 2002, og det blei derfor ikkje vedteke ei ny forskrift etter privatskolelova på bakgrunn av nemnde høyringsbrev og høyringsfråsegner.

#### **2.6. Særleg relevante Stortingsvedtak**

I sak. nr. 33 gjorde Stortinget følgjande vedtak 18.06.2003  
*Stortinget ber Regjeringa legge elevtall pr. 1. oktober hvert år til grunn for elevtelling i frittstående grunnskoler ved beregning av tilskudd, og å innføre slik telling snarest mulig.*

I sak. nr. 34 gjorde Stortinget følgjande vedtak 18.06.2003  
*Stortinget ber Regjeringa foreta endring av regnskapsforskriftene for frittstående skoler vedrørende etablering av investeringsfond og overføring av driftstilskudd fra et år til et annet, jf. [Innst.S.nr.3](#) (1998–1999).*

### **3. RELEVANTE FØRESEGNER I FRISKOLELOVA**

#### **3.1. Statstilskot og skolepengar**

I friskolelova §§ 6–2 og 6–4 om offentlege tilskot og skolepengar i høvesvis grunnskolar og vidaregåande skolar heiter det bl.a. at

*Alle offentlege driftstilskot og eigendelar frå elevane skal kome elevane til gode. Dette inneber mellom anna at skolen ikkje kan*

*a) gi utbytte eller på annan måte overføre overskot til eigarane eller deira nærstående verken når skolen er i drift eller om drifta opphører.*

*b) pådra seg kostnader i form av leigeutgifter for eigendom eller lokale som tilhører skolens eigarar eller deira nærstående eller på anna måte pådra seg kostnader som kan innebere at alle offentlege tilskot eller eigendelar frå elevane ikkje kjem elevane til gode.[...]*

*Departementet kan gi forskrifter, mellom anna om krav om vedtektsfesting av forbod mot utbytte eller anna overføring som nemnt i første ledd bokstav a.*

I tillegg er det gitt føresegnar i §§ 6–2 andre og tredje ledd, 6–4 andre og tredje ledd og § 6A–8 andre ledd om kor høge skolepengar skolen ev. kan krevje.

I forarbeida til føresegnene (Ot.prp. nr. 80 (2002–2003)) heiter det bl.a. at

*Første ledd andre punktum presiserer kravet i første ledd første punktum om at alle offentlige driftstilskudd og eiendeler fra elevene skal komme elevene til gode. Presiseringen er ikke ment å være uttømmende, jf ordlyden «mellom anna». [...]*

*Med nærstående menes alle nærstående fysiske eller juridiske personer. [...] Definisjonen av nærstående vil [...] være videre enn de nevnte eksemplene i aksjeloven og enhetsregisterloven.*

*Første ledd bokstav b presiserer at også kostnadsdisposisjoner som i realiteten er overføringer av offentlige tilskudd eller skolepenger vil være i strid med kravet om at alle offentlige driftstilskudd og eiendeler fra elevene skal komme elevene til gode. Eksempler på slike kostnadsdisposisjoner kan være leie av lokaler til en leie over markedspris, og lønn til ansatte og styrehonorarer utover det som kan anses som et rimelig vederlag sett i lys av blant annet kvalifikasjoner og tjenesten som ytes.*

Vi viser også til høyringsbrev av 17. desember 2003 om forslag til endringer i friskolelova. Høyringsbrevet finst på følgjande nettadresse:

<http://www.dep.no/ufd/norsk/publ/hoeringsnotater/045051-080015/index-dok000-b-n-a.html>

### **3.2. Skoleverksemda**

I friskolelova § 1–4 om skoleverksemda heiter det at

*Skolen kan ikkje drive anna verksemd enn skole i samsvar med denne lova. Skolen kan likevel drive internat og skolefritidsordning som er knytte til den enkelte skolen.*

*Departementet kan etter søknad gjere unntak frå første ledd for verksemd som er nært knytta til skoleverksemda og som utgjer ein mindre del av den totale verksemda.*

*For skolar som er godkjende etter lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring, tek første ledd til å gjelde to år etter at lova er sett i verk.*

I forarbeida til føresegna (Ot.prp. nr. 80 for (2002–2003)) heiter det bl.a. at

*Bestemmelsen slår fast at skolen ikke kan drive annen aktivitet enn skole i samsvar med friskoleloven.*

*Med «skole i samsvar med denne lova» menes aktivitet som er godkjent etter friskoleloven.*

*Formålet med bestemmelsen er å unngå at det skjer en form for fellesforvaltning av det offentlige tilskuddet innenfor et rettssubjekt som driver med flere typer virksomheter. Bestemmelsen skal være med på sikre at alle offentlige driftstilskudd og eiendeler fra elevene skal komme elevene til gode, jf. § 6–2 første ledd.*

*Vilkåret om at tilskuddsberettiget skole ikke kan drive annen virksomhet enn skoledrift, innebærer i praksis at skolens drift må være organisert som et eget rettssubjekt. [...]*

*Bestemmelsen inneholder et begrenset unntak fra hovedregelen om at skolen kun kan drive aktivitet som skole, ved at skolen likevel kan drive internat og skolefritidsordning. Rett til slik drift forutsetter at det dreier seg om internat eller skolefritidsordning som er knyttet til den enkelte skolen. Drift av internat og skolefritidsordning skal ikke anses som del av skolevirksomheten. Det understrekes at det eksisterende skillet mellom skoledrift og drift av internat og skolefritidsordning er ment opprettholdt, og at de någjeldende reglene for blant annet separat regnskapsføring m.v. dermed videreføres.*

I Innst. O. nr. 1 (2004–2005) heiter det bl.a. at

*Komiteen ønsker å gi skoler som driver virksomhet som ikke er omfattet av friskoleloven, adgang til etter søknad å kunne drive slik virksomhet uten å måtte opprette et eget rettssubjekt for denne virksomheten. Det er en forutsetning at den aktuelle virksomheten må være nært knyttet til skolevirksomheten. Videre vil det være en forutsetning at det er skoledriften som er hovedvirksomheten, og at den aktuelle virksomheten bare utgjør en mindre del av denne. Eksempler på slik virksomhet kan være gartnerivirksomhet, oppdrett eller annen virksomhet, praksisopplæring og opplæring av andre enn de som kan tas inn som elever på skolen, jf lovens § 3-1 etc.*

*Komiteen foreslår et nytt andre ledd i § 1-4 om at departementet etter søknad kan gjøre unntak for virksomhet som er nært knyttet til skolevirksomheten og som utgjør en mindre del av den totale virksomheten.*

### **3.3. Krav om registrering i Einingsregisteret eller tilsvarende register**

Det går fram av friskolelova § 2–1 fjerde og femte ledd og § 2–2 femte og sjette ledd, jf. § 6A–7, at

*Skolen må være registrert i Einingsregisteret, jf. lov 3. juni 1994 nr. 15, eller i tilsvarende register.*

*For skolar som er godkjende etter lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring, tek [fjerde/femte] ledd til å gjelde frå det tidspunktet departementet fastset.*

Departementet har fastsett at §§ 2–1 fjerde ledd og 2–2 femte ledd gjeld frå 01.10.05 for skolar som er godkjende etter privatskolelova.

I forarbeida til føresegnene (Ot.prp. nr. 80 for (2002–2003)) heiter det bl.a. at

*Bestemmelsene slår fast at skolen må være registrert i Enhetsregisteret, jf. lov 3. juni 1994 nr. 15, eller i tilsvarende register. I praksis regner en med at godkjent skoledrift blir registrert som forening, stiftelse eller aksjeselskap. Registreringen må være i orden innen godkjenningen blir gitt.*

*Bestemmelsene må ses i sammenheng med § 1-4 om forbudet mot å drive annen virksomhet enn skoledrift som omfattes av godkjenningen etter friskoleloven. For å hindre sammenblanding med eiers eventuelle øvrige virksomhet, må skolen organiseres som et eget rettssubjekt som kan registreres i Enhetsregisteret eller i tilsvarende register.*

*Formålet med bestemmelsen er å få en klar identifisering av skolen og en oversikt over dens styre og andre registrerte nøkkelopplysninger. «Skoleeier» er det registrerte*

*rettssubjektet, som for alle praktiske formål er identisk med den skole drift som godkjennes etter friskoleloven. [...]*

*Etter lov om Enhetsregisteret skal blant annet medlemmer av styret, daglig leder og revisor registreres. Derved får man ekstra notoritet om slike viktige forhold.*

*Annen registrering enn registrering i Enhetsregisteret kan godkjennes forutsatt at det gir tilsvarende notoritet.*

### **3.4. Sanksjonar og opphør av skole drift**

I friskolelova § 7–2 andre, tredje og fjerde ledd, jf. § 6A–7, heiter det at

*Dersom det blir oppdaga forhold som står i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova eller i strid med føresetnadene for godkjenninga, kan departementet gi pålegg om å rette på forholda.*

*Departementet kan halde attende tilskotet eller dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova, vilkår i forskrifter gitt med heimel i lova eller føresetnadene for godkjenninga ikkje blir fylte. Departementet kan óg krevje attende for mykje utbetalt tilskot, og tilskotsmidlar som er brukte i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova eller i strid med føresetnadene for godkjenninga.*

*Ved opphør av skole drifta kan departementet i alle tilfelle krevje tilbakeført gjenståande midlar som skriv seg frå det offentlege tilskotet.*

I forarbeida til føresegna (Ot.prp. nr. 80 for (2002–2003)) heiter det bl.a. at

*Tredje ledd, nytt andre punktum, presiserer departementets mulighet til å krevje tilbake for mye utbetalt statstilskudd, og tilskuddsmidler som er brukt i strid med loven eller forutsetningene for skolens godkjenning. Bestemmelsen må ses på bakgrunn av kravet i § 6-2 om at alle offentlige driftstilskudd og eiendeler fra elevene skal komme elevene til gode. Det vises for øvrig til merknadene til § 6-2.*

*Fjerde ledd presiserer departementets mulighet til å krevje tilbakeført gjenståande tilskuddsmidler der skole drifta opphører. Bestemmelsen må ses i sammenheng med kravet i § 6-2 om at alle offentlige driftstilskudd og eiendeler fra elevene skal komme elevene til gode, og forbudet mot å ta ut disse midlene i form av utbytte eller liknende.*

### **3.5 Forarbeid til friskolelova**

Oversikt over forarbeida til friskolelova:

- Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om lov om frittstående skolar (friskolelova), Innst. O. nr. 80 (2002–2003) og Besl. O. nr. 86 (2002–2003), begge med same tittel som odelstingsproposisjonen.
- Ot.prp. nr. 80 (2002–2003) om tillegg til Ot.prp. nr. 33 (2002–2003) om lov om frittstående skolar (friskolelova), Innst. O. nr. 127 (2002–2003) om tillegg til Ot.prp.nr.33 (2002–2003) om lov om frittstående skolar (friskolelova) og Besl. O. nr. 128 (2002–2003) om lov om frittstående skolar (friskolelova).
- Ot.prp. nr. 55 (2003–2004) om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova, Innst. O. nr. 92 (2003–2004) og Besl. O. nr. 100 (2003–2004), begge med same tittel som odelstingsproposisjonen.

- Ot.prp. nr. 64 (2003–2004) om lov om endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova), Innst. O. nr. 1 (2004–2005) om innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om lov om endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova) og Besl. O. nr. 1 (2004–2005) om lov om endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar.

#### **4. FORSLAG TIL NY ØKONOMIFORSKRIFT TIL FRISKOLELOVA**

Departementet foreslår følgjande ny forskrift om økonomi for friskolar som får statstilskot etter lov om frittstående skolar (økonomiforskrift til friskolelova):

(Heimel: Friskolelova § 7–1)

##### **Kapittel 1 Verkeområde og formål**

###### **§ 1 Verkeområde og formål**

Forskrifta gjeld skolar som søker om godkjenning eller er godkjende etter lov 04.07.03 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova). Forskrifta gjeld òg skolar som er godkjende etter tidlegare lov 14.06.1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskolar og private skolar som gjev vidaregåande opplæring (privatskolelova).

Forskrifta skal vere med og sikre at grunnlaget for statstilskot til den enkelte skolen er korrekt, og at skolane brukar tilskotet og skolepengane i samsvar med friskolelova og føresetnadene for godkjenninga.

##### **Kapittel 2 Budsjett og rekneskap**

###### **§ 2 Budsjettet**

Ein søknad om godkjenning etter friskolelova skal følgjast av eit realistisk budsjett. Budsjettet skal vise korleis drifta skal finansierast og kva for kostnader som vil kome på det året skolen startar opp og det påfølgjande rekneskapsåret. Budsjettet skal m.a. vise kostnader til lønn, under dette arbeidsgjevaravgift og pensjonskostnader, materiell, inventar, husleige og finanskostnader. I tilknytning til budsjettet skal det leggjast fram ein prognose for elevtal, ei oversikt over korleis statstilskotet og storleiken på skolepengane er rekna ut og ei utgreiing om dei planlagde investeringane.

Dersom skolen skal drive internat og/eller skolefritidsordning som er knytte til den enkelte skolen, jf. friskolelova § 1–4, må ein søknad om godkjenning etter friskolelova òg følgjast av eit fullstendig og realistisk budsjett for denne drifta. Dersom skolen har eit felles budsjett for skoleverksemda og internatet og/eller skolefritidsordninga, må budsjettet vise inntekter og kostnader som er særskilt knytte til skoledrifta.

Ved søknad om unntak etter friskolelova § 1–4 andre ledd for anna verksemd som er nært knytte til skoleverksemda, gjeld andre ledd tilsvarande.



Budsjett skal dessutan sendast til departementet når ein søker om endringar eller utviding av drifta og elles når departementet ber om det.

### § 3 Rekneskapen mv.

Alle skolar som får tilskot etter friskolelova, skal føre rekneskap. Rekneskapsføringa skal vere i samsvar med reglane i lov 17.07.98 nr. 56 om årsrekneskap mv. (rekneskapslova). Kontoplanen skal byggje på Norsk Standard 4102 med eigne konti for skolepengar og statstilskot.

Alle transaksjonar som gjeld skoledrifta etter friskolelova, skal førast i rekneskapen. Rekneskapen skal ikkje innehalde transaksjonar som ikkje vedkjem skoledrifta. Rekneskapen kan likevel innehalde kostnader og inntekter knytte til skolefritidsordning, internat og anna særskild godkjent verksemd, jf. friskolelova § 1–4 første og andre ledd, men slik at rekneskapen då også skal vise dei inntekter og kostnader som er særskilt knytte til skoledrifta.

Årsrekneskap, årsmelding (jf. rekneskapslova § 3–3) og revisjonsmelding skal sendast utan oppmoding til departementet innan 1. juni året etter rekneskapsåret.

Norske skolar i utlandet som har plikt til å føre rekneskap etter lovgivinga i driftslandet, kan etter godkjenning frå departementet sende rekneskap i samsvar med lova i driftslandet. Skolen skal i tillegg gi dei opplysningane som er nødvendige etter denne forskrifta.

### § 4 Særskilte krav til rekneskapen og årsmeldinga

I tillegg til dei krava rekneskapslova stiller, skal det ved note til årsrekneskapen eller på annan tydeleg og høveleg måte i årsmeldinga gis særskilde opplysningar om følgjande:

- a) I note til rekneskapen skal det opplysast om inntekter som viser samla offentlege finansieringskjelder fordelt på ulike type kjelder.
- b) Skolen skal i årsmeldinga gjere greie for dei satsane for skolepengar som skolen har nytta.
- c) I årsmeldinga skal det opplysast om skolen driv skolefritidsordning og/eller internat som er knytte til den enkelte skolen.
- d) I note til rekneskapen skal det opplysast kva for formål investeringsfondet (som er omhandla i kapittel 5) skal nyttast til, og korleis grunnlaget for fondsavsetning er rekna ut. Dersom skolen har brukt av fondsmidlane, skal det stå kva midlane er brukte til i note til rekneskapen. Dersom skolen vil bruke fondsmidlane til eit anna føremål enn det som opphavleg var vedteke, skal dette omtalast i årsmeldinga.

## **Kapitel 3 Statstilskot og skolepengar**

### § 5 Bruk av statstilskotet og skolepengane

Statstilskot og skolepengar frå elevane skal nyttast til å gi opplæring i samsvar med godkjenninga. Statstilskotet og skolepengane skal brukast det året tilskotet blir gjeve eller skolepengane kravd inn, dersom tilskotet ikkje er disponert etter reglane i kapittel 4 og 5.

Statstilskot og skolepengar kan ikkje lånast ut. Dette gjeld òg overført driftstilskot etter kapittel 4 og fondsmidlar etter kapittel 5.

#### § 6 Utbetaling og tilbakebetaling av statstilskot

Statstilskot blir utbetalt etter prognose fram til faktisk elevtal ligg føre, jf. § 14 første ledd. Dersom faktisk elevtal er lågare enn prognosen, skal for mykje utbetalt statstilskot betalast attende til departementet.

Dersom det blir teke avgjerd om permanent eller mellombels nedlegging av skoledrifta, skal det gjevast melding til departementet omgåande. For mykje utbetalt statstilskot skal ubedd betalast attende til departementet.

Statstilskot til nye skolar blir ikkje utbetalt før undervisningsrom og utstyr er godkjende av departementet, skolen er registrert i Einingsregistret, jf. lov 3. juni 1994 nr. 15, eller i tilsvarende register, og skolen har oppfylt eventuelle andre krav departementet har stilt i vedtaket om godkjenning av skolen. Dersom desse krava ikkje blir oppfylt innan 15. juni det skoleåret skolen skal starte opp, vil tilskot bli berekna og utbetalt frå den 1. i månaden etter at krava vert oppfylt. For vidaregåande skolar som har skolestart i januar månad, kan departementet gjere unntak frå krava i andre punktum.

### **Kapittel 4 Overføring av driftstilskot**

#### § 7 Overføring av driftstilskot til neste rekneskapsår

Dersom resultatrekneskapen eit år viser overskot og elevane har fått opplæring i samsvar med gjeldande reglar og føresetnadene for godkjenninga, kan styret gjere vedtak om å føre over inntil 10 % av det mottekne statstilskotet frå eit rekneskapsår til det neste. Statstilskot som er overført, må brukast til å dekkje driftsutgifter i det komande rekneskapsåret, og tilskotet må kome elevane til gode, jf. friskolelova §§ 6–2 og 6–4.

### **Kapittel 5 Investeringsfond**

#### § 8 Skiping av investeringsfond

Styret kan gjere vedtak om at skolen skal ha eit investeringsfond til dekking av kostnader knytte til investeringar i framtida. Samstundes skal styret gjere vedtak om kva formål investeringsfondet skal nyttast til.

#### § 9 Storleiken og plasseringa av fondsavsetjinga

Inntil 15 % av statstilskotet kan årleg setjast av til investeringsfond.

Fondsavsetjinga skal setjast på ein eigen konto i ein bank underlagt lovgivinga i eit EØS-land. Dersom norske skoler utanfor EØS-området ønskjer å nytte ein annan bank, trengst det godkjenning av departementet.

#### § 10 Bruk av investeringsfond

Styret avgjer når investeringsfondet kan nyttast. Investeringsfondet skal nyttast til det føremålet fondet vart skipa for, med mindre styret fastset at særlege grunnar gjer at det vil vere betre for elevane om fondet blir nytta til investeringar til eit anna elevrelatert formål.

#### § 11 Tilbakeføring av fond

Blir investeringsfondet nedlagt fordi skoledrifta blir avskipa, skal fondsmidlane som skriv seg frå statstilskotet og aktiva som er finansiert ved slike fondsmidlar, først attende til departementet, jf. friskolelova § 7–2. Departementet kan i slike tilfelle etter søknad godkjenne at fondsmidlane blir førde over til ei anna skoleverksemd som skoleeigaren driv etter friskolelova. Ved overføring til ei anna skoleverksemd er bruk av fondsmidlane avgrensa til investeringar.

#### § 12 Felles reglar for investeringsfond

Det er eit vilkår at elevane i heile levetida til investeringsfondet får opplæring i samsvar med gjeldande reglar og føresetnadene for godkjenninga, og at fondsmidlane kjem elevane til gode.

Avgjerdsretten til styret etter kapittel 5 kan ikkje delegerast. Reglane om avgjerdsretten til styret står tilbake dersom lov eller vedtekter legg avgjerdsretten til eit organ som er overordna styret, men fritar ikkje styret for ansvaret for at reglane i desse forskriftene blir haldne.

Departementet har mynde til og avgjer i samsvar med friskolelova § 7–2 om eit vedtak om skiping av investeringsfond, oppbygging av investeringsfond, bruk av fondsmidlar og nedlegging av investeringsfond er i strid med lov, forskrift eller føresetnadene for godkjenninga.

### **Kapittel 6 Utrekningsgrunnlag for statstilskot**

#### § 13 Utrekning av statstilskot

Grunnlaget for å rekne ut statstilskotet er talet på heilårselevar som faktisk har følgd opplæringa, jf. § 14 første ledd.

I grunnskolar kan det berre gis tilskot til heilårselevar. Heilårselevar i grunnskolar er elevar som minst har eit årstimetal som svarer til det årstimetalet som gjeld for offentlege grunnskolar. Departementet kan etter søknad godkjenne at det vert gitt tilskot til elevar ved grunnskolar i utlandet som ikkje er heilårselevar.

Heilårselevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter friskolelova § 2–2 er elevar som minst har eit årstimetal som svarer til det årstimetalet som gjeld for tilsvarande offentlege vidaregåande kurs. Heilårselevar ved vidaregåande skolar godkjende etter friskolelova § 6A–1, er elevar som følgjer heile årskurs. Heile årskurs er kurs som minst svarer til årstimetalet i yrkesfaglege studieretningar i den offentlege vidaregåande skolen. For elevar som ikkje følgjer heile undervisningsopplegget, må det gjerast ei omrekning til heilårselevar i høve til årstimetalet til kurset. For deltidskurs må det gjerast ei omrekning til heilårselevar i høve til kor mange årstimar kurset har. Omrekning av deltidslevar til heiltidslevar skal vere dokumentert av den enkelte skolen. Dokumentasjonen skal vise omrekninga for kvar enkelt elev.

Ved vidaregåande skolar blir organisert eller sjølvstendig studiearbeid, deriblant skoleadministrative gjeremål, etter avtale med faglærar eller rektor, ikkje rekna som fråvær. Avgrensa oppover til i alt 15 skoledagar i skoleåret skal følgjande ikkje reknast som fråvær i desse skolane:

- Arbeid på regionalt plan eller landsplan som tillitsvald i landsdekkjande organisasjonar
- Arbeid på regionalt plan eller landsplan som tillitsvald i elevorganisasjon
- Dokumenterte lovpålagde oppmøte
- Dokumentert langvarig eller kronisk sjukdom
- Organisert hjelpearbeid i krisesituasjonar
- Inntil to dagar ved religiøse høgtider for elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja.

Elles kan ikkje fråvær i vidaregåande skolar utover i alt 15 skoledagar i løpet av eit skoleår godtakast, jf. § 14. Fråvær frå enkelttimar må omreknast til heile dagar.

Styret skal syte for at skolen har eit tilfredsstillande administrativt system for registrering av framømte og fråvær, at registreringa er à jour og at dokumentasjonen er tilgjengeleg for revisor og departementet. Fråvær skal registrerast i dagar og enkelttimar. For deltidslevar skal fråvær registrerast berre i timar. Framømte skal attesterast av ansvarleg undervisningspersonale (faglærar).

Dokumentasjonen som blir kravd etter denne føresegna, skal skolen ta vare på i minst 10 år etter utgangen av det skoleåret det gjeld.

#### § 14 Rapportering av elevtal mv.

Grunnskolar skal rapportere det faktiske elevtalet per 1. oktober kvart skoleår til departementet. Vidaregåande skolar skal rapportere det faktiske elevtalet per 1. oktober og 1. april kvart skoleår til departementet. Det er eit vilkår at elevane har følgd

den godkjende opplæringa, jf. friskolelova §§ 2–3 og 6A–2, og at dette kan dokumenterast, jf. § 13.

Dersom ein elev ved ein vidaregåande skole per 1. oktober eller 1. april har fråvær utover i alt 15 skoledagar, jf. § 13 femte ledd, skal eleven ikkje reknast for å ha følgt opplæringa. Elevar som ikkje har fråvær utover i alt 15 skoledagar frå skolestart og fram til 1. oktober og/eller 1. april, kan såleis rapporterast inn til departementet etter første ledd. Etter søknad kan departementet i særlege tilfelle dispensere frå føresegna i fjerde og femte punktum.

Dersom ein vidaregåande skole har kurs som ikkje vert gitt på nokre av teljetidspunkta, fastset departementet i det einskilde tilfellet korleis skolen skal rapportere det dokumenterte elevtalet.

## **Kapittel 7 Revisjon**

### § 15 Krav til revisor og revisjon

Revisjonen skal utførast av ein statsautorisert eller registrert revisor i samsvar med lov 15.02.99 nr. 02 om revisjon og revisorar (revisorlova).

### § 16 Særskilde fråsegner frå revisor

Revisor skal i tillegg til rekneskapsrevisjonen stadfeste elevtalet på skolen, under dette kontrollere om elevtalet er gitt i samsvar med den dokumentasjonen som blir kravd etter §§ 13 og 14.

Revisor skal òg kontrollere og stadfeste om eventuelle investeringsfond er vedtekne, oppbygd, brukt og eventuelt nedlagt i samsvar med reglane i denne forskrifta.

Stadfestingane skal gjevast med standardtekst som departementet fastset.

Departementet kan også krevje andre stadfestingar eller opplysningar av revisor enn dei som er nemnde i denne føresegna.

### § 17 Informasjon til revisor

Styret pliktar å gjere revisor kjend med friskolelova, forskrifter gitt med heimel i lova og føresetnadene for godkjenninga.

## **Kapittel 8. Kontroll frå departementet og Riksrevisjonen**

### § 18 Dokumentasjon og kontroll

Styret er ansvarleg for at skolen har tilstrekkeleg dokumentasjon for at friskolelova, forskrifter gitt med heimel i lova og føresetnadene for godkjenninga er fylgde.

Departementet og Riksrevisjonen kan setje i verk kontroll med at skulane har oppgitt korrekt grunnlag for å rekne ut tilskot, og at skulane brukar tilskotet i samsvar med gjeldande reglar og føresetnadene for godkjenninga. Departementet og Riksrevisjonen kan krevje å få lagt fram rekneskapsvedlegg og annan dokumentasjon som underbygger årsrekneskapen og grunnlaget for tildeling av tilskot. Aktuell dokumentasjon kan mellom anna vere enkeltvedtak om inntak, frammøte- og fråværsprotokollar, eksamensprotokollar, dokumentasjon/vitnemål, spesifisert hovudbok over betalte skolepengar og kontraktar.

## **Kapittel 9 Ikraftsetjing**

### § 19 Ikraftsetjing og oppheving

Forskrifta tek til å gjelde frå den tida Kongen bestemmer. Dei einsskilte føresegnene kan setjast i kraft til ulik tid. Frå same tidspunkt vert dei tilsvarande føresegnene i forskrift av 25. september 2003 nr. 1182 om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for friskolar som får statstilskot etter lov om frittstående skolar (friskolelova) oppheva.

Med helsing

Jan Ellertsen (e.f.)  
fung. ekspedisjonssjef

Hein Th. Ferre  
avdelingsdirektør

Kopi: Utdanningsdirektoratet